



Hordaland fylkeskommune
Samferdselsavdelinga
Postboks 7900
5020 Bergen

Eivindvik, 04.04.2018

Att: Rolf Rosenlund

Søknad om ruteløyve Bergen – Fedje – Hellesøy – Fedje – Bergen.

Viser til tidlegare telefonsamtalar rundt dette emnet. Som avtalt så sender me denne søknaden.

GulenSkyss ynskjer i år å lansere ei heilt ny rute retta mot nasjonale og internasjonale turistar. Ruta vil i tidsrommet 2.juni – 1.september gå dagleg frå Bergen til Fedje og vidare til Hellesøy. Det vil også gå eigen buss (ikkje kollektivtransport) frå Bergen til Hellesøy som treff båten der, slik at det vert ei rundreise med to alternative løysingar. Seinare år så ynskjer me kanskje og utvide ruta med 1 månad i kvar ende.

Båten frå Bergen går kl 10.00 – eit frå turistnæringa tilrådd tidspunkt, ankomst Fedje er kl 1200. Deretter går båten frå Fedje kl 1400 og til Hellesøy Dersom passasjerane vel å gå i land på Hellesøy, og ta bussen tilbake til Bergen, vil dei vera attende kl 1630. Det er også eit val å reisa med buss til Hellesøy for å så å ta båten andre vegen. Den bussen går frå Bergen kl 1330 og til Hellesøy. Med dette alternativet vil en vere attende til Bergen kl 19.30.

For dei to alternativa vil det vere ulik opphaldstid på Fedje. Dersom ein går av på Fedje frå båten som kjem frå Bergen og ventar til den kjem tilbake frå Hellesøy vil opphaldstida vere 5, 5 timar. Det gjev mulighet for aktivitet og opplevingar. Det er planlagt fleire ulike tilbod, opplegg ein kan gjere på eigen hand eller faste arrangement. For dei andre alternativa vil opphaldstida på Fedje vere ca 2 timar.

Båten vil gå alle dagar i veka og til same tid kvar dag. Det er særleg viktig at det er god mulighet til mat på Fedje for alle båtreisande, så her jobbar «heile Fedje» med å ta godt imot turistane.

Me vil nytte fartøyet «Lovund Express» dei fyrste 3 vekene av sesongen, og deretter lyt me nytte fartøyet «Tornerose» resten av sesongen. Lovund Express tar 99 passasjerar, Tornerose tar 48 passasjerar. Me jobbar med å få på plass eit permanent farty som kan ta 99 eller 147 passasjerar.

På bakgrunn i dette ynskjer me å søke om ruteløyve for denne turistruta fom. 1. mai og til og med 30. september. Det er ikkje mogleg å kjøpe enkeltbillettar på denne ruta, berre tur/retur billettar.

Med venleg helsing,


Daniel Olai Kvernøy
Driftsleiar